



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Følgjebrev for førehandskonferanse for Gnr: 424 Bnr: 325

Ynskjer på vegne av tiltakshavar; Bøvågen Småbåtlag å få svar på nokre spørsmål rundt ei mogleg byggjesak.

Presiserer att me ynskjer svar per brev, tenkjer att det ikkje er naudsynt med ein vanleg førehandskonferanse.

Tiltakshavar ynskjer å byggje på 1 ekstra etasje for klubbhus på toppen av to eksisterande bygg for bodar (sjå kart og vedlagte teikningar).

2 etasje skal innehalde; kjøkken, kontor og møtelokale, 1 etasje vert som før.

Dei har allereie vatn og utslepp i orden i forbindelse med toalett og dusj (offentleg) i bodbygg.

Bygningen skal nyttast av brukarane av småbåthamna.

Har var 3 overlappende planar, men Reguleringsplan for Leitevågen (vedlagt) er gjerne den som vert gjeldande akkurat her?, sidan det er den einaste planen som har føresegner for dette området, resten har berre båthamn/naust utan særlege føresegner.

Det kan sjå ut som om det er byggjegrense mot sjø utanfor bygningane, såleis er det vell ikkje naudsynt med dispensasjon frå PBL §1-8?

Føresegnene spesifiserer ikkje så mykje, så var veldig i tvil her;

Det er jo ikkje opplagt att ein kan sette opp klubbhus, men det kan kanskje likevel la seg gjere utan dispensasjon frå arealføremål, sidan det er eit felles bygg som skal nyttast av brukarane av området?

Er det evt. andre utfordringar?

Ber om att faktura for svar per brev vert sendt til tiltakshavar.

Adresse er opplyst om i førespurnaden.

Sandane 22.06.2023

Marius Tenden for Hammar-Kameratane AS

Ansvarleg søkar